

## «Samfunnsøkonomisk» analyse av bryllaupskostnader på 1870-talet

Magne Velure



*Bryllaupsfylgje utanfor Vangskyrka frå slutten av 1800-talet. Fotograf er Marcus Selmer (1819-1900), som var verksam som fotograf frå 1852 til 1900. Kjelde: Nasjonalbiblioteket*

I den seinaste tida har eg brukt tid på å finna opplysningar om folkedans og -musikk i den eldre delen av norske lokalaviser. Dette kan gjerast sidan Nasjonalbiblioteket har digitalisert eit veksande volum aviser. I tillegg til å finna materiale eg er på leit etter, kjem eg av og til over interessante opplysningar om andre tilhøve enn dans og musikk, slik som innlegg i avisa «Vossingen» i 1873, 1875 og 1877 mot bryllaupsfeiringa på bygdene.

Avisa «Vossingen» har ei interessant søge i seg sjølv. Bladet vart grunnlagt i 1857 av vossingen Nils T. Bakketun (1831-1883) i Leland, Illinois, USA. Det var eit lite blad på to sider som kom ut kvar månad i to år. I 1869 kom Bakketun attende til Voss, og der starta han opp avisdrift på nytt med den tredje årgangen av «Vossingen». Det skjedde 13. juni 1871. Våren 1872 overlét han forlagsretten til bladet til lærar Ola Kindem (1883-1883) og reiste attende til USA. Kindem var lærar, kyrkjesongar, organist, medlem av heradsstyret varaordførar, skulestyremedlem og formann i mange lag. I januar 1874 kjøpte Torkjel Skjerve<sup>1</sup> (1849-) «Vossingen». Han var soleis redaktør då innlegget eg skal fortelja om, vart prenta 24. august 1877. Bladet «Vossingen» skifta namn ved nyåret 1878 til «Søndre Bergenhus Amtstidende».

<sup>1</sup> Han selde avisa i 1879 til Bernt J. Johannessen; seinare reiste Skjerve til USA og døyde tidleg.

Karakteristisk for «Vossingen» var mange meldingar frå dei indre Hardanger-bygdene, Kvam og Sogn.<sup>2</sup>

Det fyrste innlegget mot bryllaupsfeiringa er frå 1873. Etter teksten å døma kan det ha vore ein prest som er forfattar. Han fortel at seks vigsler som han hatt ansvar for, har han vore med i bryllaupslaget, og der hadde det gått sømeleg for seg<sup>3</sup>. Men han refererer til ein mann som har teke kontakt og bede han ta opp problema med «disse stygge Brylluper, som ere saa almindelige baade i Byerne og paa Landet, der feires kun med Drik og Spil og Dans.»<sup>4</sup>

Han held fram med ei inderleg skildring av kor gale det kan gå når ekteskapet starta med fering over fleire dagar med drikk og dans.

«Ak, en jammerlig Indtrædelse i Ægtestanden!...Der er mangen Mand, som hele sit Liv har faaet svie for et saadant Bryllup og ikke uden Gru og Afsky kunnet tænke tilbage derpaa. Og mangen Brud, naar hun om nogle Aar sad forladt og i enlig Stand, stundom i Armod og Fattigdom tillige, omgiven af nogle faderløse Smaa, har da tidt maattet væde de Brødkrummer, hun faar, med salte Taarer over sin Ungdoms Daarlighed og Bryllupsdagens Ugudelighed”.

Det neste bryllaupsinnlegget er frå 1875, skrive av signaturen er «A». Han set opp eit detaljert oversyn over kostnadene for eit bryllaup og bereknar dei til å vera 310 spesidalar (Spd.) Sjølv meiner han at han berre vil leggja vekt på dei økonomiske sidene, men argumentasjonen er like mykje moralsk.

«I Brylluperne, hvor alt gaar let og muntert til, er man ogsaa gjerne tilbøielig til at ingaa letsindige Forlovelser. Naar saa Følgen heraf bliver ulykkelige og elendige Ægteskaber, hvem kan da betegne det Tb, disse elendige have havt af at have turet Bryllup efter den gode gamle Skik?... Jeg nærer den Tanke, at vi befinde os ligeoverfor en af de viktigste Grunde for Fattigbusjettets stadige Stigende, ligesom jeg ogsaa tror, at vi her have at søge Grunden til den stedse tiltagende, sørgelige Drukkenskab iblandt os, hvorfor jeg paa det hjerteligste vil bede alle og enhver at skjænke denne Sag en Smule Overveielse.”<sup>5</sup>

Dette innlegget, med signaturen «A», kan vera skrive av prosten Anton Elias Smitt (1805-1875). I 1853 skipa han ei foreining, som han kalla «17. Mai-foreningen». Målet var å arbeida mot drukkenskap og bruk av alkohol i ulike sosiale samanhengar. I vedtektene heitte det m.a. at medlemene må forplikta seg til å ikkje halda bryllaup som varer meir enn to dagar. I dei neste punkta må dei lova å ikkje tillata at det vart «drikke skål» eller motteke skålgåver i bryllaupa deira. Vidare skulle dei sjå til at bryllaupsgjestene på veg til kyrkje ikkje skulle ta med seg flasker eller andre kjerald med brennevin.<sup>6</sup>

---

<sup>2</sup> Sjå Johannes Gjerdåker, Ålmann søge for Voss: frå 1800 til vår tid. 2, s. 81 ff. 1991.

<sup>3</sup> Dette at han refererer til seks-sju bryllaup som han har vore med på, tilseier at det ikkje kan vera prosten Anton Elias Smitt, som var i teneste på Voss frå 1852 til 1875, då han døydde. Truleg er det ein av kapellanane som har skrive avisstykket.

<sup>4</sup> Vossingen 2. oktober 1873.

<sup>5</sup> Vossingen 5. august 1875.

<sup>6</sup> Sjå Johannes Gjerdåker, Ålmann søge for Voss: frå 1800 til vår tid. 1, s. 164 f.

Avisinnlegget frå 1877 er skriva av ein «D. S». Det har ikkje lukkast å finna ut kven det kan ha vore. Vedkomande fylgjer opp innvendingane frå 1875 mot bryllaupsfeiringa slik ho artar seg i vossebygdene og brukar nesten same oversyn over utgiftspostar som innsendaren frå 1875. Han har funne ut at av 44 bryllaup våren 1877 har 26 vore haldne på tradisjonell vis, dvs. over fleire dagar og med mange gjester. Han argumenterer mot slik bryllaupsfeiring utifrå økonomiske omsyn og brukar på mange måtar ein samfunnsøkonomisk analyse.

«I anledning disse mange Bryllup og den dermed forbundne saavel i moralske som økonomiske Henseender fordærlig Skik, har jeg tænkt over hvilke store unyttige og hensynsløse Pængeudlæg og Tids-Spilde som har medgaaet til disse, og tør det være mig tilladt, Hrr. Redaktør, at give en liden Oversigt over samme, idet jeg kun vil holde mig til den økonomiske Side af Sagen.”<sup>7</sup>

Innsendaren bereknar fyrst kostnadene for vertskapet, dvs. familien til brura. Eg har omsett til nyare språk, men brukar penge-eininga spesidalar (Spd.)<sup>8</sup>

1. Bytur, 3 personar a 10 Spd	30 Spd.
2. Brygging, baking, vasking osv., 6 personar i 8 dagar a 30 sk.	12 -
3. Kjøpt 4 anker spirituosa 7 ½ Spd.	30 -
4. Kjøpt 4 tunner øl a 6 Spd.	24 -
5. Matvarer for	50 -
6. Spolert arbeidstid 8 dagar, 10 personar a 30 sk.	20 -
7. Forskjellige små utgifter tils.	<u>26 -</u>
	190 Spd.

Også gjestene har utgifter til bryllaupet, og slik vert dei berekna per gjest.

1. «Fodne» <sup>9</sup> - det er noko spekekjøtt, bakst, rjome, «Brurekaker» eller anna slag matvarer, som dei tek med til bryllaupet – til omkring ein verdi av	1 Spd.
2. Spolert arbeidstid, 8 dagar a 30 sk.	2 -
	3 Spd.

Reknar me no 60 gjester i kvart bryllaup, so vert det til saman 180 Spd.

For vert og gjester til saman kostar altså kvart bryllaup 370 Spd.

Innsendaren går so vidare og reknar ut kva dei 26 bryllaupa våren 1877 har kosta. Det vert 9620 Spd. Vidare skriv han at dersom bryllaupa kunne ha vart berre ein dag og gjestetallet redusert til 20-30 i staden for 60-70, so kunne ein ha spart 6000 Spd.

<sup>7</sup> Vossingen 24. august 1877.

<sup>8</sup> Penge-eininga «Speciedaler» vart brukt frå 1816 til 1875. Då vart «kroner» innført som mynteining. I 1875 vart 1 spesidalar omrekna til 4 kroner. Alle tala i oppsettet til innsendaren kan såleis gangast med fire for å summene i kroneverdi i 1877. I fleire år etter 1875 brukte folk enno spesidalar i pengesamanheng.

<sup>9</sup> Forn, fodn er sending med mat og drykk som ein hadde med seg i bryllaupslag eller andre gjestebod.

Han har ein moralsk slutttekst som skal understreka meiningsløysa i dei tradisjonelle bryllaupa:

« Ja, endnu ikkje nok hermed; læg Mærke til, at de moralske og sædelige Fordævelser kommer som Tillæg til den klækkelige Sum og ved ret at vurdere dette vilde man kanske faa du et lige saa stort Tal.»

I tillegg til å gje innsyn i ein verdidebatt på 1870-talet om bryllaupsfeiring, gjev innlegga frå 1873, 1875 og 1877 både direkte og indirekte innblikk i kostnader for arbeid og varer i tida. M.a. ser det ut til at arbeidsløn kunne vera 30 skilling for dagen, ei tunne øl kosta 4-6 spesidalar og eit anker brennevin 7-7,5 Spd.

Samanlikna med oppsettet frå 1875, ligg innsendaren i 1877 litt høgare på somme postar og endar på 370 Spd, 60 høgare enn innsendaren i 1875. Det er mogeleg at begge innsendarene overdriv litt, spesielt når det gjeld tapt arbeidsinntekt i samband med bryllaupsdagane. Som ein referanse for bryllaupskalkulasjonane kan ein bruka skulebudsjettet for Voss herad i 1877; der var utgiftene sette til 2031 Spd.<sup>10</sup> Slik sett var det snakk om monalege kostnader for dei drustelege bryllaupa som var vanlege på bygdene i mange tiår både før og etter 1870-talet. Både i litteratur, reiseskildringar, målarstykke og etter kvart fotografi, finst det mange vitnemål om dei store og ofte fargerike bryllaupa som vart feira på bygdene.

Innlegga mot store bryllaupsfeiringar på 1870-talet skjedde ikkje i eit tomrom. Som nemnt ovanfor, arbeidde prosten Smitt sterkt mot den tradisjonelle bryllaupsfeiringa frå 1853 og framover. På slutten av 1700-talet forsøkte styresmaktene å regulera korleis bøndene kunne halda festar og kle seg. Ei kongeleg forordning av 12. mars 1783 sette strenge grenser for samværlivet og kledebunad. Forordninga inneheldt ei rekkje forbod kva folk kunne bruka av nyttingsmiddel og klede, og dessutan restriksjonar som galdt samkomer som bryllaup, barnedåp og gravferder. All kaffedriking vart forbode, og silke vart berre tillate i huver. Bøndene fekk ikkje servera korkje kaffi eller vin i bryllaupa sine, og dei fekk berre setje fire rettar mat på bordet. Talet på gjester skulle avgrensast til 32, og feiringa skulle berre vara éin dag. Andre dag kunne rettnok 16 personar koma saman om kvelden og dansa til midnatt, men det var forbode å servera gjestene mat. I barnedåp og gravferder var det ikkje lov å servera mat med mindre det galdt utanbys folk. Straffa for lovbrota var bøter som varierte frå 8 skilling til 20 riksdalar. Å feira bryllaup i fire dagar, slik bøndene mange stader gjorde, var det på ingen måte høve til.<sup>11</sup>

Mange norske embetsmenn protesterte mot dei praktiske sidene av forordninga som var vanskeleg å handheva. Prinsipielt godtok dei at styresmaktene burde regulera det som mange tykte var ressursløysing. I 1799 var denne sokalla «luksusforordninga» oppheva. Uro over store og kostesame bryllaupslag heldt seg likevel i lang tid framover. Slik sett representerer innlegga i «Vossingen» i 1870-åra eit lokalt nedslag av den siste fasen av innsatsen mot dei store bryllaupslaga på bygdene.

---

<sup>10</sup> Vossingen 16. desember 1876.

<sup>11</sup> Jf. <https://www.arkivverket.no/utforsk-arkivene/kulturarvaret-2018/gjestebud-silkeklær-og-forbrukskontroll>. Sjølve forordninga er prenta i Norske Intelligenz-Sedler No. 15 Onsdagen den 9. April 1783.